



Eitt av mange høgdepunkt: O Helga Natt med Bjarte Lending og Eirik Nordmann akkompagnert av dyktige Robin på gitar.

Ei fullsett kyrkje overvar ein makelaus gospelkonsert i kveld, og vår konklusjon er at det vart ein av dei største dagane i historia til kyrkja vår. At gruppa heiter Abraham, verker relativt uforståeleg for oss. Det er sanneleg ikkje noko gamaltestamentleg over denne friske flokken frå Sandnes. Den ligg på eit imponerende nivå kunstnarleg sett, og i den absolutte elite i landet.



Koret Abraham gav den fullsette kyrkja ei fantastisk førjulsoppleving.

Bjarte Lending som leiar Abraham, imponerte kanskje mest, men det er ikkje lett, og heller ikkje rettferdig, å operera med noko rangliste, Likevel tykkjer vi at toppen vart nådd med O Helga Natt. Mange har sunge den svenske toppsalma, men ingen som vi har høyrte, har gjort det betre enn Lending og Eirik Normann. Men det er mange mektige røyster i Abraham, og vår eigen sokneprest bidrog med ein varm og god song. Fleire av duettane fortener også høg karakter. Eit svært disiplinert publikum slapp ikkje kjenslene til med ein gong, men det losna skikkeleg etterkvart og då var det ikkje kangt mellom trampeklappsalvane,

Repertoaret var allsidig. At opningsongen også var svensk (Ljus ljus) var heller ikkje tilfeldig. Vi må berre innrømme at ein rik songskatt også høyrer heime på den andre sida av Kjølen.

Det må ellers noterast som ein triumf at Uskedalen var fyrst ute av dei 3 konsertane som Abraham har i vårt område. Dei neste stoppestadane er Karmøy og Utstein Kloster.



Vår eigen sokneprest, Lina Håland, viste seg nok ein gong som ein usedvanleg dyktig solist.



Ein av koret sine mange dyktige solistar.



Ein av dei utruleg flotte duettane



Endå ein av dei flinke solistane som saman med koret glede publikum

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen.
Foto: Randi Teigen Døssland